

Kvinnheraddiagonalen med overnatting i Uskedalsfjella.

05.03.2020



Faksimile frå framsida av Kvinnherad Turlag sitt turprogram 2020. Motivet er henta frå Skorpefjellet med vakker utsikt mot Rosendalsfjella.

Kvinnherad Turlag går nye vegar og legg inn noko dei kallar Kvinnheraddiagonalen i fjella mellom Husnes og Guddal. Uskedalen er lagt inn med overnatting. Tida er 14. - 16. august og den nye turlagsleiaren, Jarle Røstbø, er turleiar. Turprogrammet for 2020 har med mange turar/aktivitetar i Uskedalen.

Hovudlaget skipar som vanleg til skitur til Ulvanoso i tida før påske. I år er turen, som også vert kalla Vårens vakraste skitur, lagt til sundag 29. mars. Frammøte og start i Tveitedalen.

DNT Ung er ei aktiv gruppe i Kvinnherad Turlag. Alle, uansett tidlegare erfaring med friluftsliv, skal kjenna seg velkomne. Målet er å skapa gode naturopplevelsingar, utfordra kvarandre og leggja til rettes for eit godt fellesskap og gode haldningar mellom ungdomen. To av fem aktivitetar er lagde til Uskedalen. Det er:



Lagshytta Fjella vert brukt på DNT Ung si samling 11. og 12. september.

- 20. mai: Med rumpeakebrett til Geitadalstind
- 11.- 12. september: Hyttetur til Fjelly ved Mannsvatnet

Gruppa med flest turar er Seniorgruppa. Ingen av deira turar går i Uskedalen.

Kvinnherad Turlag har mange turleiarar frå Uskedalen: Mona Enes, Kjell Yri, Kjellrun Eik, Siv Framnes, Solveig Haugland, Benjamin Hus Ripel, Veslemøy Haugland og Steinar Kroka.

Turprogrammet er sendt til medlemer og lagde ut på sentrale kontor og venterom. Meir informasjon finn du på Facebook Kvinnherad Turlag og på deira heimeside.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal